

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Randaberg

Emne: Mjölkk

Bygdelag:

Oppskr. av: Tønnes Goa

Gard: Goa

(adresse): Eiganesveien 24, Stavanger G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Bruk av mjölkk er omlag like eins idag som då eg var liten.
2. Om sumaren i slåtten har det vore nokså vanleg at ein blanda surmjölkk eller saub i vatnet og brukte blandinga til tyrstedrikk.
3. Surmjölkk og saub. No som fyrr.
4. Heimebrygja öl har ikkje vore nytta som kvardagsdrykk det eg kan minnst, eller har høyrd om.
5. Kaffi.
5. Ingen som lever no, veit det
6. Veit ikkje.
7. 2-3 gonger om dagen
8. I Randaberg vert kaffien laga på same måten som over alt elles i landet der eg har fare. Ingen spår i kaffi anna enn som moro av og til.
9. Dei som likar det, brukar sukker i eller til kaffien. Då eg var liten, brukte ein mest kandissukker til kaffien. No er det berre raffinade og av og til farin som vert nytta.
10. Dei fleste brukar kaffiflöyte, ikkje noko anna.
- Te.
11. Sume drikk nok te til kvardags, men eg trur ikkje det er det er vanleg. Kva tid dei byrja med det, kan eg ikkje segja. Men det er i deimseinare åra.
- Brennevin.
12. Ingen i Randaberg veit om at brennevin har vore nytta til kvardags.
- Nyare drykk.
13. Brus o.l. kjøper ein av og til til ungar. Elles vert dei nemnde drikkevarene berre nytta i festar o.l.